



Forord

Næringslivsåret 2025

2025 har vore eit år prega av internasjonal uro. Auka tollsatsar både i USA og EU påverkar ei rekkje marknader, og òg vestlandsbedrifter er råka.

Som det største eksportfylket i landet er handelspolitisk uro dårleg nytt for Vestland. EU er Noreg sin viktigaste handelspartner, og så mykje som 68 prosent av eksporten frå Vestland går til Europa. Dersom vi skal klare å styrkje konkurransekrafta vår i åra framover, blir tettare samarbeid med EU avgjerande.

Dei siste medlemsundersøkingane våre viser heldigvis at mange vestlandsbedrifter ser lyst på framtida. Fleirtalet av bedriftene er optimistiske med tanke på marknadsutsiktene dei neste seks månadene.

Denne optimismen har vi sett sjølve! I løpet av året har vi vitja over 300 av medlemsbedriftene våre i Vestland. Desse besøka har vist oss den enorme breidda og skaparkrafta som finst i regionen vår. Og ikkje minst korleis det veks fram nye og lønnsame grøne næringar.

Mellom anna er det ein stor eksportmarknad innan havvind, og innan CO2-fangst- og lagring har Northern Lights planar om å femdoble kapasiteten fram mot 2030.

Trass desse lyspunktane er det samstundes grunn til uro over Noreg og Vestland si konkurransekraft. Vi treng nye bein å stå på når inntektene frå olje og gass reduserast.

I haust lanserte NHO rapporten «Veien til vekst», den norske versjonen av Draghi-rapporten om EU si konkurransekraft. Konklusjonen er at der Europa tapar i konkurransen mot USA og Kina, tapar Noreg til Europa.

Dei største hindringane for norsk og vestlandsk konkurransekraft i dag er:

- Tilgang på kapital
- Tilgang på folk med rett kompetanse
- Tilgang på kraft
- Mangel på innovasjon og forskning

Framover treng vi auka politisk forståing og vilje til endring for å løyse dei utfordringane næringslivet står overfor.

Vi veit at mellom anna leverandørindustrien står framfor meir krevjande tider, når oppdraga innan olje og

gass er venta å gå nedover. Det må framover i mykje større grad leggjast til rette for at verfta våre blir fylte med ny aktivitet, som til dømes havvind.

Den særnorske formuesskatten skapar også utfordringar for norske eigarar og verksemdar. I enkelte bransjar opplever lokale selskap eit stort press frå utanlandske eigarar som ønskjer å kjøpe dei opp. Dette er svært uheldige signal!

Difor held vi fram arbeidet med å få ned skattetrykket for norske eigarar. I 2026 vil vi arbeide for eit breitt skatteforlik, der skattenivået for næringslivet blir redusert.

Helene Frihammer
Regionleiar

Helene Frihammer jobbar som regiondirektør fram til 15. februar 2026. Sidan ho starta i 2021 har NHO Vestland fått heile 536 fleire medlemsbedrifter, med til saman 13 385 fleire årsverk. Det tilsvarar 13 % auke i tal på medlemsbedrifter og 16 % auke i tal på årsverk.





Innhold

Forord - Næringslivsåret 2025	02
NHO	07
NHO Vestland	07
Styret i NHO Vestland	08
Tilsette i NHO Vestland	09
Næringspolitisk arbeid	10
Medlem og marknad	11
Juridiske tenester	12
Kommunikasjon	12
Satsingsområde	14
1. Privat eigarskap	14
2. Kraft og grøn vekst	14
3. Marknadstilgang	15
4. Arbeidskraft	15
5. Private som leverandør til det offentlege	16
6. Samferdsle	18
Prosjekt vi deltek i	20
Samarbeidsarenaer	22
Konferansar og arrangement	23
Representasjon frå NHO Vestland	26



Næringslivets Hovedorganisasjon

Veien til vekst

Norsk konkurransekraft
- Veien til vekst

NHO

Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) er den største og fremste organisasjonen for arbeidsgjevarar i Noreg. Vi har over 33 000 medlemsverksemder, med til saman over 700 000 årsverk. 97 prosent av medlemmane er små og mellomstore bedrifter med under 100 tilsette.

NHO har til saman om lag 240 tilsette på hovudkontoret i Oslo og på dei ti regionkontora. Vi arbeider mellom anna med politisk påverknad, å løfte viktige saker, juridisk bistand og gjennomslag i lønsoppgjeret.

Det er òg 18 landsforeiningar knytt til NHO.

NHO Vestland

NHO Vestland er det nest største av dei ti regionkontora i NHO. Vi var i 2025 seks tilsette i Bergen og éin ved kontoret i Florø. I Bergen sit vi i lag med NHO Reiseliv, Sjømat Norge og LUP - Leverandørutviklingsprogrammet.

Dei tilsette i NHO Vestland jobbar for politiske gjennomslag og med å løfte viktige saker for medlemmane. Vi tilbyr òg juridisk rådgjeving. I tillegg arrangerer vi møter, webinar og konferansar, ofte saman med andre aktørar, både private og offentlege.

Dei ulike sjølvstendige bransjeorganisasjonane i NHO har òg 17 lokale representantar i Vestland, som jobbar for medlemmane her.



Helene Frihammer og Ole Erik Almlid

Styret i NHO Vestland

Styreleiar

Styreleiar

Lisbet Nærø, Fana Sparebank (Finans Norge)

Nestleiar

Erik Osland, Osland Havbruk AS (Sjømat Norge)

Styremedlemmar

Nils Aslak Huus, Firda Billag AD (NHO Transport)

Silje Skaar Sunde, Eviny (Fornybar Norge)

Knut Løvdal Stauri, HS Bygg AS (NHO Byggenæringen)

Jannike Hansen, CCB Mongstad AS (Offshore Norge)

Erik Erdal, Aker Solutions AS (Norsk Industri)

Kristine Hjelmekke, Jølstrholmen (NHO Reiseliv)

Varamedlemmar

Katharine Gude, Smart Bemanning (NHO Service og Handel)

Daniel Håkansson, Baker Brun AS (NHO Mat og Drikke)

Gerda Sørhus Fuglerud, Oleana (Norsk Industri)

Maren Aas Nakken, Mothership Stories AS (Abelia)



Tilsette i NHO Vestland



Helene Frihammer
Regiondirektør



Sondre Olsen
Politisk rådgjevar



Siri Løken
Kommunikasjons-
rådgjevar



Wenche Salthella
Seniorrådgjevar



Wenny Irene Hansen
Rådgjevar



Nina Tennebekk
Advokat



Hildegunn Ytrearne Nygård
Advokat

Foto:
Moment Studio
Ole Kristian Olsen



Lykkeland-plattform CCB i Øygarden

Næringspolitisk arbeid

NHO Vestland jobbar for at næringslivet skal kunne vekse og utvikle seg i Vestland. Vi har difor tett kontakt med kommunar, fylkeskommunen og nasjonale styresmakter for politiske gjennomslag.

Mellom anna har vi tett dialog med vestlandspolitikarane på Stortinget, og møter dei samla to gonger i året. Stortingsvalet i 2025 førte til mange nye representantar, både frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er viktig for NHO Vestland å ha tett dialog med desse framover.

I tillegg til møta på Stortinget har vi jamleg møter med enkeltrepresentantar frå ulike parti, og vi har hatt med oss stortingskandidatar på bedriftsbesøk. Vestland er no representert i dei fleste komiteane på Stortinget, men diverre har vi ingen frå Vestland i transportkomiteen.

I møta med stortingsbenkene har vi mellom anna tatt opp saker knytt til privat eigarskap, omstilling, kompetanse og marknadstilgong/EØS.

For næringslivet er det svært viktig å få på plass eit forlik om eigarskattlegging som reduserer skattane for næringslivet. Difor er vi glade for at det no er oppretta ein skattekommisjon. Tre av medlemmane i kommisjonen er frå Vestland, og den er venta å leggje fram ei utreiing innan 1. juli i 2026.

For reiselivsnæringa var forslaget om turistskatt ein sak som uroa og prega bransjen i 2025. Vi er særst nøgd med at NHO sitt arbeid mot skatten, saman med engasjerte bedrifter, førte til at framlegget til regjeringa blei kraftig endra i positiv retning då det blei handsama i Stortinget.

Nokre av sakene vi tok opp på stortingsmøta:

- Ønsket om eit skatteforlik som får ned den høge eigarskattlegginga
- Behovet for auka tempo i utbygginga av straumnett og fornybar kraft
- Strakstiltak for å hindre fleire konkursar i solcellebransjen
- Bedriftene får ikkje tak i nok folk med rett kompetanse
- TAF/YSK-ordninga må difor bli permanent
- Verfta og leverandørindustrien treng nye oppdrag, som til dømes havvind
- Ein må få ned reisetida og betre vegar på Vestlandet
- Stortinget må legge press på regjeringa for å få på plass utvikling av ny lågutsleppsteknologi i havbruksnæringa



Medlem og marknad

NHO er det største fellesskapet for næringslivet i fylket, med god margin. NHO Vestland hadde ved slutten av året 4 194 medlemsbedrifter, med til saman 83 927 årsverk.

Samstundes jobbar vi for endå fleire og meir nøgde medlemmar. I 2025 har vi hatt god vekst i medlemstal og tal årsverk, mellom anna som følgje av ei rekkje vervemøte i samarbeid med landsforeiningane.

Gjennom 2025 har vi i fellesskapet i Vestland besøkt over 300 av medlemsbedriftene våre. Vi er opptekne av å få innsikt i bedriftene sin kvardag, og kva utfordringar og moglegheiter deistår ovanfor. Frå besøka har vi teke med oss innspel og erfaringar til NHO sitt arbeid, politikktutforming og kommunikasjon.

Medlemmane i NHO har tilgang til ei rekkje medlemsfordelar, som til dømes:

- Advokathjelp ved arbeidsrettslege spørsmål
- Arbinn.no, NHO sin arbeidsgjevarportal
- Advokathjelp ved offentlege innkjøp
- Gunstige avtalar for pensjon og forsikring
- Arrangement, NHO-kurs og webinar

Medlemmar kan òg søkje om økonomisk og fagleg støtte til å jobbe aktivt med medarbeidar driven innovasjon og utvikling av partssamarbeidet. Dette er gjennom hovudorganisasjonane sine fellestiltak, og gjeld medlemmar som er bundne av tariffavtale, der hovudavtalen mellom LO og NHO gjeld for bedrifta.



Ole Erik Almlid og Helene Frihammer
på besøk hos Bano i Sandane



Sondre Olsen og Wenny Irene Hansen
hos Erketunet Gardsbakeri i Førde



Besøk hos CCB i Øygarden i januar

Juridiske tenester

NHO Vestland sine advokatar Hildegunn Nygård og Nina Tennebekk hjelper medlemmane i Vestland med rådgjeving innan arbeidsrett.

Advokatane blir òg nytta som rådgjevarar og møteleiarar i samband med krav om individuelle forhandlingsmøter. I tillegg har advokatane delteke i organisatoriske møter mellom landsforeiningar og arbeidstakarorganisasjonar.

Advokatane har hatt fire ulike arbeidsrettslege kurs/ webinar som har blitt sendt nasjonalt, i tillegg til bedriftsinterne kurs.



Hildegunn Ytrearne Nygård held kurs.

Kommunikasjon

For NHO Vestland er det viktig å vere synleg i det offentlege ordskiftet. Vi kommuniserer difor aktivt gjennom mellom anna media og sosiale medium. Målet er å skape forståing for saker som er viktige for næringslivet og medlemmane våre.

I 2025 har vi hatt 17 lesarinnlegg og kronikkar på trykk i mange ulike aviser, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Fleire av innlegga har kvar for seg vore på trykk i over 10 ulike aviser.

Vi har i år òg sett ei kraftig auke i talet på mediasaker der NHO Vestland er nemnt, og særleg regiondirektør Helene Frihammer er mykje sitert i ulike medium. Mange av sakene



Helene Frihammer deler ut fyrsteplassen i Kommune-NM 2025 til Austevoll. Kommune-NM er NHO si årlege rangering av kommunane etter kor gode dei er til å leggje til rette for næringsutvikling. Ei rekkje lokale medium dekte Kommune-NM.

tek vi sjølve initiativet til. Helene Frihammer er nemnd i 387 mediesaker i 2025, viser tal frå mediearkivet Retriever.

NHO Vestland har òg tett dialog med fleire av medlemsbedriftene om medieutspel. Mellom anna har vi knytt til oss 12 ambassadørar; bedriftsleiarar frå ulike bransjar, som er med på å løfte fram budskap gjennom media.

Vi jobbar òg tett saman med medlemsbedrifter og landsforeiningar for å få ut informasjon om viktige saker for næringslivet i Vestland.

NHO Vestland har over 13 800 følgjarar på sosiale medium; Facebook, LinkedIn og Instagram.



Regiondirektør Helene Frihammer var gjest i morgonsendinga til NRK Vestland 8. mars. Tema: Overgangsalder og sjukefråver.



Topp 6 i Vestland i Kommune-NM 2025:

1. Austevoll
2. Bergen
3. Sogndal
4. Stord
5. Sunnfjord
6. Bømlo



Satsingsområde

1. Privat eigarskap

Privat eigarskap er rygggrada i norske lokalsamfunn. Private eigarar skapar arbeidsplassar, sikrar mangfald og levande lokalsamfunn. Dei bidreg òg til beredskap og tryggleik, og skapar inntekter som finansierer velferda. 69 prosent av dei sysselsette i Noreg arbeider i privat sektor, og private verksemdar står for ein stor del av verdiskapinga. For verksemdene er det avgjerande med gode og føreseielege rammevilkår.


NHO meiner at den høge norske eigarskattlegginga skader norsk næringsliv, og ønskjer eit breitt skatteforlik som kan redusere skattetrykket og skape auka føreseielegheit for verksemdene.

2. Kraft og grøn vekst

Mangel på fornybar kraft stoggar no næringsutvikling fleire stader i Vestland fylke. For næringslivet er det svært alvorleg at utbygginga av ny fornybar kraft i Noreg har stagnert.

Tilgang på kraft er avgjerande for å ta vare på eksisterande arbeidsplassar og industri, og for å lukkast med klimaomstilling og grønne satsingar i næringslivet.

NHO held fram samarbeidet med LO og Energidepartementet om Kraftløftet. Målet er å heve kunnskapen om kraftsituasjonen og mobilisere for å sikre tilstrekkeleg tilgang på fornybar kraft i Noreg fram mot 2030. Dette må



Møte hjå Sogn og Fjordane Energi i september. Frå venstre: Bård Vegard Solhjell (administrerende direktør Fornybar Norge), Helene Frihammer, Knut Arild Flatjord (konsernsjef SFE) og Ole Erik Almlid

skje både gjennom energieffektivisering og utbygging av ny fornybar kraft, som vindkraft og solkraft, og nett.

3. Marknadstilgang

EØS-avtalen har gitt Noreg stabil tilgang til EU sin indre marknad, og ho er svært viktig for konkurransevilkåra for norske verksemdar. NHO er ein viktig pådrivar for å fjerne handelshinder.

NHO si internasjonale avdeling jobbar tett med styresmaktene for å syte for gode vilkår for norske verksemdar i saker om toll og marknadstilgang. Ei meir usikker verd gjer det meir naudsynt enn nokon gong at Noreg knyter seg tettare til EU.



Jakob Særsten er konsernsjef for LOS Gruppen, med hovudkontor på Bømlo og om lag 600 tilsette

4. Arbeidskraft

Bedrifter i mange ulike bransjar slit med å få tak i nok tilsette med rett kompetanse. Samstundes står rundt 70 000 menneske i arbeidsfør alder av ulike grunnar utanfor arbeidslivet i Vestland. Difor samarbeider vi med Nav om Arbeidskraftløftet om ei rekkje tiltak som skal få fleire i jobb.

Tidleg arbeidserfaring kan vere med å førebyggje utanforskap. Gjennom prosjektet Sommarjobb i vest mobiliserte vi både private og offentlege verksemdar til å lyse ut fleire sommarjobbar for unge, noko som bidrog til 1070 fleire nye sommarjobbar i Vestland i 2025. Det er ein auke på 25 prosent, samanlikna med året før.



NHO samarbeidar med Vestland fylkeskommune og Nav om Sommarjobb i vest. Frå venstre: Nav-direktør Bjarte Hysing-Olsen, Helene Frihammer, Jon Askeland (fylkesordførar), Helene Frihammer og Marcus Askildsen (Vestland ungdomsutval)

Fana Sparebank, Sparebanken Sogn og Fjordane og Agenda Vestland / Sparebanken Norge bidrog med viktig økonomisk støtte. Det har òg vore viktig at næringsforeiningar, kommunar og bedrifter har vore med på mobiliseringa.

No trappar vi opp, mobiliserer nasjonalt og set endå høgare mål for 2026.

5. Private som leverandør til det offentlege

Det offentlege kjøper varer og tenester for enorme beløp (835 milliardar kroner i 2024) kvart år, og det aukar stadig. NHO er medeigar og initiativtakar til LUP – Leverandørutviklingsprogrammet, der det blir jobba for å bruke innkjøp til å finne smartare løysingar, slik at ein får mest mogleg att for offentlege midlar. LUP jobbar òg for å fremje meir samarbeid om innovasjon.

Øystein Sørhaug har som innovasjonspådrivar i LUP hatt kontorstad hjå NHO Vestland i Bergen. Han har gjort ein svært viktig jobb for kommunar, fylkeskommunen og helseinstitusjonar, med innovative anskaffingar for mellom anna veg og anlegg, betre helseløysingar og sirkulærøkonomi.





NHO Vestland vitja Man i Åsane saman med Aps Benjamin Jakobsen. Benjamin (i front) sto lenge utanfor arbeidslivet, men er no ei viktig medarbeidar hjå Man.

6. Samferdsel

Det heiter seg at Vestlandet sin viktigaste møteplass er Gardermoen. Det tek nemleg heile 15 timar å køyre frå Egersund til Kristiansund, dersom du køyrer langs kysten.

Saman med ei rekkje andre aktørar har vi arbeidd for å få gjennomslag for ei rekkje samferdsleprosjekt i Vestland. Fleire av prosjekta vart prioriterte i den siste Nasjonal transportplan, og arbeida med Ny Røldalstunnel på E134 og Fellesprosjektet Arna-Stanghelle er no i gang.

NHO Vestland arbeidar gjennom ulike fora for å få realisert fleire viktige samferdsleprosjekt på Vestlandet.

Hordfast

E39 Stord – Os (Hordfast) er blant landets sine aller viktigaste samferdsleprosjekt. Ferdigstilling av Rogfast (under bygging) og Hordfast vil redusere reisetida mellom Stavanger og Bergen frå over fire timar til nærare to timar. For næringslivet vil det innebære store innsparingar.

Hafstadjellstunnelen

Prosjektet E39 Storehaugen – Førde i Sunnfjord kommune vil korte ned reisetida forbi Førde med mellom ti og femten minutt. I dag fører den svingete og bratte Hallbrendslia til store utfordringar for tungtrafikken. Den nye vegen vil betre trafikktryggleiken, få ned transportkostnadene og fjerne gjennomgangstrafikken frå Førde sentrum.

Nordhordlandstunnelen

E39 Klauvaneset-Vågsbotn har ein årstdøgntrafikk på over 20 000, og er svært ulukkesutsett. Ein ny tunnel vil gi kortare reisetid og betre tryggleik for både dei som køyrer og andre trafikantar.

Bybanen i Bergen

Bybanen har bidrege til å redusere biltrafikken og klimautsleppa. Samstundes har banen før til fortetting og transformasjon av byen. Saman med Bybanen til Åsane skal E39 Fløyfjellstunnelen forlengjast. Det skal òg byggjast hovudsykkelrute frå sentrum til Åsane. Bybaneprojektet og ein forlengd Fløyfjellstunnel vil gi eit langt meir robust transportsystem.

Stad skipstunnel

Vestland er landet sitt største eksportfylke, og ein stor del av transporten til eksportverksemdene skjer til sjøs. Stadhavet er det farlegaste og mest verutsatte havområde vi har i Noreg. Stad skipstunnel handlar òg om tryggleik. Når 90 prosent av norsk utanrikshandel går sjøvegen, er det avgjerande at denne transportåra fungerer.





Prosjekt vi deltek i

Grøn region Vestland

Grøn region Vestland er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg, på vegne av Næringsforum Vestland, der mellom anna NHO Vestland deltek. Nyleg vann prosjektet den prestisjetunge Zero-prisen for årets lokale klimatiltak.

Grøn region Vestland skal hjelpe næringslivet med å nå viktige mål for grøn omstilling og utsleppskutt. Gjennom prosjektet samarbeider bedrifter om å kutte utslepp gjennom 19 såkalle hubbar eller knutepunkt, som til dømes Hardanger Hydrogen Hub og Sirkulære Høyanger. I dei ulike hubbane blir det jobba med til saman 300 grøne prosjekt i heile fylket.

I tillegg til å kutte utslepp har prosjekta som mål å skape 24 000 nye jobbar og 45 milliardar meir i eksport frå Vestland innan 2030.

Vestland er det største utsleppsfylket i landet, og satsinga i Grøn region Vestland er særskilt viktig for regionen.

Jenter og teknologi

NHO har i fleire år samarbeida med NITO og Nasjonalt Senter for Realfagsrekruttering om prosjektet Jenter og Teknologi. Dette er eit nasjonalt prosjekt, som har som mål å auke talet på kvinner innan teknologi, realfag og yrkesfag. Medlemsverksemdene våre har stort behov for kompetanse innan desse faga.

Målgruppa er jenter mellom 13 og 19 år. I 2025 blei det arrangert liveshow i Bergen for jenter i ungdomsskulealder i Vestland, med om lag 500 i salen. Jentene som deltok fekk sjå og lære om jobbmoglegheitene som finst innan realfag og teknologi.



Gutter og barnehage

NHO Geneo har sett i gong prosjektet Gutter og barnehage etter mal frå Jenter og Teknologi. Berre ti prosent av alle tilsette i norske barnehagar er menn. For å sikre nok arbeidskraft til barnehagesektoren i åra framover, er det avgjerande at òg fleire menn søker seg til barnehageutdanningane.

NHO Vestland bidrog til prosjektet mellom anna gjennom møte med skulebyråden i Bergen og ulike mediasaker.

SMSØ Vestland

NHO Vestland deltek i partnerskapen Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) Vestland. Det er eit samarbeid mellom KS, NHO, Unio, Skatteetaten, LO, Virke og YS. Målet er å nedkjempe svart økonomi og sikre like konkurransevilkår, gode arbeidsplassar og ein velfungerande velferdsstat. Seniorrådgjevar Wenche Salthella deltek i SMSØ Vestland for NHO Vestland.

One Ocean

One Ocean Region jobbar for å fremje samarbeid, bærekraftig vekst og kompetanse innan havnæringane. NHO Vestland deltek i arbeidsgrupper knytt til One Ocean, og regiondirektør Helene Frihammer sit som vara i styret. One Ocean Week går av stabelen kvart år i april, med ei i rekkje konferansar, møter og workshops knytt til bærekraftige havnæringar. Her deltek både næringsliv, academia og offentlege styresmakter.



Karina Brunstøl frå Sotra og Oda Hope frå Bergen var blant førebileta på scenen.



Helene med skulebyråd i Bergen, Daniel Hægglund.

Samarbeidsarenaer

Dei tilsette i NHO Vestland er med i ei rekkje komitear og utval:

Fylkesberedskapsrådet

NHO Vestland representerer næringslivet i fylkesberedskapsrådet i Vestland. Rådet blir leia av Statsforvaltaren i Vestland, og består mellom anna av representantar frå ulike nødetatar, offentlege organ og frivillige organisasjonar. Frå NHO Vestland har regiondirektør Helene Frihammer delteke.

Rådet skal bidra til planlegging av samfunnssikkerheits og beredskapsarbeid i fylket. NHO Vestland si rolle er å sikre at næringslivet er tett kopla på.

Næringsforum

Næringsforum Vestland er ein partnerskap mellom ei rekke offentlege aktørar i Vestland, leia av Vestland fylkeskommune. Målet er å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

NHO Vestland har delteke i næringsforum ved regionleiar Helene Frihammer. I Næringsforum deltek òg Innovasjon Norge, Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Nav, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, Norges forskingsråd, KS Vestland, Bergen kommune, Siva, Næringsalliansen Vestland og LO Vestland.

Styret i fagskulen

NHO Vestland er i styret til Fagskulen Vestland, ved regiondirektør Helene Frihammer. Her jobbar vi for at tilbodet som blir gitt ved fagskulen speglar næringslivet sitt behov.

Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum

NHO Vestland deltek i Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum. Her gjer me råd og innspel til korleis ein kan sikre kvaliteten på fag- og yrkesopplæringa. For næringslivet er det viktig at skuletilboda svarar til bedriftene sine behov. NHO Vestland er representert i Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum ved rådgjevar Wenny Irene Hansen. Ho tok over som leiar for Yrkesopplæringsnemnda i slutten av 2025

Samferdsle

NHO Vestland er representert i fleire kontakutval for samferdsel ved politisk rådgjevar Sondre Olsen. Mellom anna er vi engasjert i Kontaktutvalet for E39 gjennom Hordaland, E39-utvalet for Sogn og Fjordane og Kontaktutvalet for K5 (veg og bane mellom Bergen og Voss).



Bedriftsbesøk Wenche Salthella

Konferansar og arrangement

Vest i Øst

Vest i Øst blei arrangert på Sommerro i Oslo 7. januar. Erna Solberg, dåverande kommunalminister Erling Sande, Elisabeth Holvik (sjeføkonom Sparebank1) og Svein Tore Holsether (president i NHO) heldt hovudinnlegga. I tillegg var det panelsamtaler og spørsmål frå verksemder og bedriftsleiarar i salen. Konferansen arrangerast kvart år i samarbeid med Vestland fylkeskommune

Regional årskonferanse

NHO Vestland sin regionale årskonferanse blei arrangert på Hotel Norge i april. Den blei arrangert i samarbeid med Innovasjon Norge, NAV, Agenda Vestland og Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Kari Nessa Nordtun, Emilie Stordalen og Øystein Eriksen Søreide sto for hovudinnlegga.

Helseinnovasjonskonferansen

NHO Vestland var med å arrangere Helseinnovasjonskonferansen i Førde i mars, i samarbeid med Helse Førde og ei rekkje andre aktørar. Her var det foredrag frå mellom anna gründarar, offentleg sektor, akademisk, verkemiddelapparatet og investormiljø. Regiondirektør Helene Frihammer heldt innlegg om korleis ein kan skape vekst i helsenæringa.

8. mars

Kvar tredje kvinne får så alvorlege plager i overgangsalderen at det går ut over arbeidslivet. Difor arrangerte vi frukostmøte om temaet saman med Connect Vest og VIS Vestland, og peika på at det er naudsynt med meir investeringar i forskning på kvinnehelse og innovasjon.

Arrangementet blei fullbooka på kort tid, med over 200 påmeldte.

Pride

NHO Vestland inviterte alle medlemsverksemder til å gå i Pride-paraden med oss i Bergen. Her gjekk vi saman med Bergen Næringsråd. Regiondirektør Helene Frihammer hadde òg eit debattinnlegg om mangfald på trykk i mange lokalaviser i Vestland i samband med Pride-markeringa, saman med regionleiar i LO Vestland, Atle Rasmussen.

Eigarkonferansen

Saman med Bergens Rederiforening og Bergen Næringsråd arrangerte vi Eierskapskonferansen på Grand i mai. Her deltok ei rekkje bedrifter med innsikt om korleis særleg formuesskatten rammar næringslivet.

Folka

NHO er medarrangør av Folka-konferansen, saman med Framtidsfylket Vestland, Nordfjordkompaniet, Sogn Næring og Sunnfjord Utvikling.

Hovudtema var korleis ein kan sikre rekruttering, og kva som skil generasjonane når det gjeld forventningar til arbeidslivet.

Hele Norge Øver

Beredskapsøvinga "Hele Norge Øver" blei arrangert i Bergen i oktober i regi av Digital Norway. Digitaliseringa har gjort norske bedrifter sårbare for cyberangrep, men det er manglande medvit knytt til digital tryggleik i norsk næringsliv. "Hele Norge Øver" er eit initiativ frå NHO, DNB, Telenor, DNV og Digital Norway, der ein inviterer bedrifter over heile landet til praktiske og gratis beredskapsøvingar. Deltakarane får kjenne på kroppen korleis det er å stå midt i eit dataangrep, og lærer kva bedrifta må ha på plass før uhellet er ute.

Bilder fra arrangementer og bedriftbesøk



Fargespill sto for dei kulturelle innslaga under regional årskonferanse



Helene Frihammer og Atle Ramussen (LO Vestland)



Helene Frihammer leia paneldebatt og spørsmål frå salen under Eigarkonferansen på Grand i Bergen



Besøk hos Haugaland Storhusholdning i Sveio



Representasjon frå NHO Vestland:

NHO sitt representantskap

Lisbet K. Nærø, Fana Sparebank (NHO Vestland)

Vararepresentantar

Kenneth Hamnes, Kavli Holding AS (NHO Mat og Drikke)

Lene Eltvik Vindfeld, TV2 AS (Mediebedriftenes Landsforening)

Øyvind Oaland, Mowi Seawater Norway AS (Sjømat Norge)

Cecilie Sælen, Ccb Subsea AS

Espen Sævold, Visit AS (NHO Service og Handel)

Erik Osland, Osland Seafood AS (Sjømat Norge)

NHO sin generalforsamling

Camilla Stoltenberg, Norce Research AS (Abelia)

Jan Erik Kjerpeseth, Sparebanken Norge (Finans Norge)

Helge Singelstad, Lerøy Seafood (Sjømat Norge)

Gard Haugland, Humlen AS (NHO Reiseliv)

Arnstein Flaskerud, Elmera Group (Fornybar Norge)

Jannike Hansen, CCB Mongstad (NHO Vestland)

Vararepresentantar

Silje Skaar Sunde, Eviny AS (NHO Vestland)

Katharine Gude, Smart Bemanning (NHO Service og Handel)

Inge Martin Karlsvik, Norsk Landbrukssenter (NHO Mat og Drikke)

Ingvald Torblå, Odda Technology AS (Norsk Industri)

Rolf Røssland, NUI AS (Offshore Norge)

Ronny Paulsen, Tide AS (NHO Transport)

Geir Kleppe, Nordhordland Elektro AS (NHO Elektro)



Bedriftsbesøk hos Barlinbotn settefisk



Layout: NHO Design 2026